

Finansdepartementet

Dykkar ref.	Arkivsakid-doknr:	2017000625 -2	Saksbeh:	Harald Jordal	Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2017004080	Telefon:	53 65 40 23	K1 - 030	08.03.2017

## Høyringsfråsegn frå Odda kommune: Innsyns-, klage- og søksmålsrett for kommunen i skattesaker i verdsetting av kraftanlegg


Odda kommune ved formannskapet slutta seg samrøystes i møte 02.03.17 til innhaldet i Landssamanslutninga av vasskraftkommunar ( LVK) si fråsegn til finansdepartementet av 01.03.2017

Odda kommune framheld at innsynsretten ikkje vert reell utan at kommunane får innsyn i Sentralskattekontoret sine premisser/ kalkulasjonsgrunnlag for fastsetting av grunnrentefrådraget og naturressursskattefrådraget.

Berre slik kan **kommunane** vurderer det heile bildet som ligg til grunn for berekning av kraftanlegga sin verdi som skatteobjekt for eigedomsskatt og såleis oppfylle oppgåva si som **skatteoppkrevjar**.

Vidare la formannskapet vekt på at ei kalkulasjonsrenta på 4.5 % for avkasting av investert kapital i kraftinstallasjonar er urealistisk høg samanlikna med den faktiske renta elles i samfunnet som t.d. bank, og at avviket har vore stort så lenge at det er på tide å korta inn på etterslepet. Effekten for kommunane er i alle høve at skatteobjektet sin tekniske verdi vert lågare. Ei kalkulasjonsrente på mellom 3.5 - 4,0 % vil vera eit steg i rett lei.

Venleg helsing



Roald Aga Haug  
Ordfører



Harald Jordal  
kommunesekretær

Kopi : Rådmann og økonomisjef i Odda kommune  
Landssamanslutninga av vasskraftkommunar  
Formannskapet i Odda

### Eit levande kraftsenter

Harald Jordal	Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Telefaks:	Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Opheimsgata 31	Innbetaling skatt:	6345.06.12288	Epost:	<a href="mailto:epost@odda.kommune.no">epost@odda.kommune.no</a>
5750 ODDA				

[www.odda.kommune.no](http://www.odda.kommune.no)